

# Granvin herad

## Sakspapir

Utval	Møtedato	Saknr
Formannskapet	23.01.2018	004/18

Sakshandsamar:	Arkiv:	Arkivsaknr:
Kilian, Katinka	K2 - L12	12/553 - 241

### Offentleg ettersyn - Reguleringsplan Nesbø Hellegneissone planID 1234 2013001

#### Dokumentliste:

Renseeffekt, Granvin Hellegneissone  
Fjerning av utstyr i tunell Skjervet  
Fjerning av utstyr i tunell Skjervet  
Oppdatert dokumentasjon Nesbø hellegneissone  
Ang. Nesbø hellegneissone  
Detaljregulering Nesbø Hellegneissone  
Utgreiing om flaggermus i Granvin  
Detaljreguleringsplan for Nesbø Hellegneissone  
Orientering om forseinking i sak - Klage over reguleringsplan for Nesbø hellegneissone - Granvin herad  
Klage over reguleringsplan for Nesbø hellegneissone - Granvin herad - orientering om status  
Kopi: Oversending av opplysningar i klagesak - Nesbø hellegneissone  
Merknad til opplysningar i klagesak - Nesbø hellegneissone  
Oversending av opplysningar i klagesak - Nesbø hellegneissone  
Frist forlenging i klagesak, detaljreguleringsplan for Nesbø hellegneissone, Granvin herad  
Reguleringsplan Nesbø-Hellegneissone - Sending E. Klagarane sine merknader til planoppstart  
Reguleringsplan Nesbø-Hellegneissone - Sending D. Høyringsinnspel i samband med off. ettersyn  
Reguleringsplan Nesbø-Hellegneissone - Sending C. Korrespondanse med sektorstyresmaktene  
Reguleringsplan Nesbø-Hellegneissone - Sending B. Brev der motsegna vart trekt attende  
Reguleringsplan Nesbø-Hellegneissone - Sending A. Motsegna frå Fylkesmannen i Hordaland  
Reguleringsplan Nesbø-Hellegneissone - innhenting av korrespondanse og merknadsskriv  
Kopi: Førebels svar i klagesak  
Gjeld dykkar ref- 12/552 - Reguleringsplan Nesbø-Hellegneissone - innhenting av korrespondanse og merknadsskriv  
Oppnevning av settefylkesmann - Klage etter plan- og bygningsloven  
Oppnemning av settefylkesmann - klage - Granvin - Nesbø Hellegneissone - PlanID 12342013001 - Detaljreguleringsplan  
Oversending av vedtatt reguleringsplan for klagehandsaming  
PLANID 12342013001 Klage på vedtak  
Klage på heradstyresak 002/17, Reguleringsplan for Nesbø hellegneissone, planid 12342013001  
Innsigelse Nesbø hellegneissone  
Vedk. geologiske undersøkingar - Nesbø hellegneissone  
Vedr. Innsyn dokument  
Nesbø hellegneissone  
Innsyn dokument - purring  
Vedr. Innsyn dokument  
Kopi av avtale Granvin Herad - ROM eigedom  
17/207 Innsyn dokument  
Innsyn dokument  
Avtale kjøp av jernbaneparsell  
Innsyn dokument  
Adkomst jernbanetrase  
Granvin - Planvedtak - Detaljreguleringsplan for Nesbø hellegneissone  
Melding om vedtatt reguleringsplan - Nesbø hellegneissone - Granvin herad  
Svar på brev av 1.1.17  
Diverse ad heradstyremøte og Reguleringsplansak Nesbø Hellegneissone.  
Varsel om alvorlig korrupsjon  
Påstand om økonomisk- og miljøkriminalitet  
Adkomst skog på jernbanetrase og stengd overgang mm  
Melding om vedtatt reguleringsplan - Nesbø hellegneissone - Granvin herad  
Utgiliding- Steinsprangrisiko. Rapport frå Cowi 11.12.16

Gjeld reguleringsplan for Nesbø hellegneissone - PlanID 2013001 - Spildo - Granvin herad  
Tilleggsopplysningar til sak om reguleringsplan Nesbø hellegneissone til HS 14.12.16  
Korrespondanse - Granvin - Nesbø Hellegneissone - PlanID 12342013001 - Detaljreguleringsplan  
Svar på spørsmål om reguleringsplan for Nesbø hellegneissone  
ØKOKRIM ?? Klage - Ugyllig vedtak formannskapsmøte 15.11.16 Nesbø Hellegneissone  
Klage - Ugyllig vedtak formannskapsmøte 15.11.16 Nesbø Hellegneissone  
SV: Svar på e-post frå 14.11.2016  
SV: Svar på e-post frå 14.11.2016  
Klage - Ugyllig vedtak formannskapsmøte 15.11.16 Nesbø Hellegneissone  
Klage - Ugyllig vedtak formannskapsmøte 15.11.16 Nesbø Hellegneissone  
Spørsmål ad diverse pågåande arbeid i Øvre Granvin  
Gjeld reguleringsplan for Nesbø hellegneissone - PlanID 2013001 - Spildo - Granvin herad  
Svar på e-post frå 14.11.2016  
Ad Reguleringsplan Nesbø hellegneissone  
Ad Reguleringsplan Nesbø hellegneissone  
Ville tilstander i Øvre Granvin - anarki??  
Spørsmål ad diverse pågåande arbeid i Øvre Granvin  
Kommentar til brev på innsyn  
Entreprenøraktiviteter i Øvre Granvin  
Spørsmål til det planlagde steinbrotet i Granvin  
Svar på spørsmål om det planlagde steinbrotet i Granvin  
Merknad - Granvin - Nesbø Hellegneissone - PlanID 12342013001 - Detaljreguleringsplan  
Revidert planframlegg - Granvin - Nesbø Hellegneissone - PlanID 12342013001 - Detaljreguleringsplan  
DMFs fråsegn til meklingsdokument for Meklingsmøte - Reguleringsplan for Nesbø hellegneissone i Granvin herad  
Reguleringsplan Nesbø Hellegneissone - Plan ID 1234 2013001  
Vedk. mekling om motsegn 23.09.16  
Meklingssak i Granvin  
Forslag til rensesepark i Nesbø Hellegneissone  
SV: Meklingssak i Granvin  
Førespurnad om mekling  
Til orientering: Brev frå fylkesmannen vedk. motsegn  
Vidareføring av motsegn - Granvin - Detaljreguleringsplan for Nesbø Hellegneissone  
Svar på epost vedr førespørsel om bistand til innsyn i offentlige dokument - Detaljreguleringsplan for Granvin hellegneissone - Granvin herad  
Vedkomande innsyn i dokument  
Klage på førespurnad om innsyn  
Klage på førespurnad om innsyn  
Klage på innsyn Nesbø Hellegneissone  
Nesbø Hellegneissone - Øvre Granvin - Vedr motsegn mot reguleringsplan  
Dokument i arkivsak  
Førespurnad - Nesbø Hellegneissone  
Vurdering av motsegn til reguleringsplan Nesbø Hellegneissone planID 2013001  
Varsel om vurdering av korrupsjonsanmeldelse  
Nesbø Hellegneissone -Granvin  
Endelige plandokument - Nesbø Hellegneissone - Granvin kommune. Mail 3/3  
Endelige plandokument - Nesbø Hellegneissone - Granvin kommune. Mail 2/3  
Endelige plandokument - Nesbø Hellegneissone - Granvin kommune. Mail 1/3  
Kopi: Fylkesmannens beslutning - omgjøring og sakskostnader - Klage - Granvin - Del av Gnr 92 Bnr 1 og Gnr 93 Bnr 1 - Nesbø Hellegneissone - Sakskostnader - Reguleringsplan  
Korrespondanse - Granvin - Nesbø Hellegneissone - PlanID 12342013001 - Detaljreguleringsplan  
16/850 Orientering om planarbeidet  
Orientering om planarbeidet  
Uttale til brev frå adv. Våge 13.01.16  
SV: Vedr. reg.plan  
Vedr. reg.plan  
Vedr. reg.plan Granvin  
Granvin herad - del av gnr 92 bnr 1 og gnr 93 bnr 1 - Nesbø Hellegneissone - klage over avslag på søknad om dekking av sakskostnader - oppmoding om omgjøring av Fylkesmannen sitt vedtak av 20.10.2015  
Spørsmål - Klage - Granvin - Del av Gnr 92 Bnr 1 og Gnr 93 Bnr 1 - Nesbø Hellegneissone - Sakskostnader - Reguleringsplan  
Spørsmål - Klage - Granvin - Del av Gnr 92 Bnr 1 og Gnr 93 Bnr 1 - Nesbø Hellegneissone - Sakskostnader - Reguleringsplan  
Spørsmål - Klage - Granvin - Del av Gnr 92 Bnr 1 og Gnr 93 Bnr 1 - Nesbø Hellegneissone - Sakskostnader - Reguleringsplan  
Vedk. førehandvurdering av planområde  
Revidert areal reguleringsplan  
Stadfesting - Granvin herad- Del av Gnr 92 Bnr 1 og Gnr 93 Bnr 1 - Nesbø Hellegneissone - Sakskostnader - Reguleringsplan  
Vedkommande spørsmål om steinuttak  
Vedkommande steinuttak - Såkvitenhagen - Granvin

Vedk. innhenting av opplysningar - Såkvitnehagen -Granvin -Steinuttak 445 mål  
Referat frå møte 23.06.15  
Vedk. merknad etter fristen  
Forsinket klage på steinuttak!  
Svar på førespurnad om utsett frist 12.05.15  
Oversending av innkomne merknader etter offentlig ettersyn  
Kopi av brev til Avis Hordaland v/Karl Ystanes  
Samordna uttale med motsegn i sak: Offentleg ettersyn - Granvin - Nesbø Hellegneissone - PlanID 12342013001 -  
Detaljreguleringsplan  
Svar på offentlig ettersyn - detaljreguleringsplan Nesbø Hellegneissone i Granvin herad  
Det.reg.plan - Nesbø - Hellegneissone  
Statens vegvesen sin uttale til offentlig ettersyn - reg.plan Nesbø Hellegneissone i Granvin herad  
Offentleg ettersyn - reguleringsplan Nesbø hellegneissone planID 1234 2013001  
Merknader til offentlig ettersyn - reg.plan Nesbø hellegneissone  
Klage - Innsyn i dokumenter - Protokoll fra formannskapsmøte 18.03.2015 - Granvin  
Offentleg ettersyn - detaljreguleringsplan Nesbø Hellegneissone planID 12342013001 - Granvin herad - fråsegn  
Vedk. innhenting av opplysningar  
Såkvitnehagen  
Merknader til detaljreguleringsplan Nesbø Hellegneissone  
Kopi: Klage på avslag innsyn + Vedrørende habilitet ved vedtak om offentlig ettersyn, PlanId 12342013001. Ber om  
lovlighetsvurdering  
Kopi: Vedrørende habilitet ved vedtak om offentlig ettersyn, PlanId 12342013001. Ber om lovlighetsvurdering  
Vedk utsett frist  
Vedk. spørsmål og innsynskrav  
DMF ber om utsatt høringsfrist for plansak - Detaljreguleringsplan Nesbø Hellegneissone i Granvin Herad  
Merknader til Offentleg ettersyn - reguleringsplan Nesbø hellegneissone planID 1234 2013001  
Reg.plan Nesbø hellegneissone  
Høyringsuttale Nesbø hellegneissone  
Hellegneissone Nesbø  
Detaljreguleringsplan Nesbø Hellegneissone planID 12342013001 - Granvin herad  
Vedrørende møte i Granvin Formannskap 18.03.15, Ber fortsatt om redegjørelse, Avventer merknader til offentlig ettersyn i  
sak om Nesbø Hellegneissone  
Granvin - Nesbø Hellegneissone - PlanID 12342013001 - Detaljreguleringsplan - Utvida høyringsfrist  
DMF ber om utsatt høringsfrist for plansak - Detaljreguleringsplan Nesbø Hellegneissone i Granvin Herad  
Fråsegn til offentlig ettersyn av detaljreguleringsplan Nesbø Hellegneissone - PlanID 12342013001 - Granvin herad. NVEs  
referanse: 201303775-7  
Vedk. innhenting av opplysningar  
Høyringsuttale til detaljreguleringsplan Nesbø Hellegneissone, Granvin herad  
Merknad til detaljreguleringsplan - Nesbø Hellegneissone - plan ID 12342013001  
Uttale - steinbrot i Såkvitnehagen - ekstraveg på jernbanetraséen  
Innspill vedr. reg. plan Såkvitnehagen - innhenting av opplysningar  
Innspill vedr. reg. plan Såkvitnehagen - innhenting av opplysningar  
Svar vedkomande møte Granvin formannskap  
Vedrørende møte i Granvin Formannskap 18.03.15  
Annonse i Hordaland  
Offentleg ettersyn - detaljreguleringsplan Nesbø Hellegneissone planID 12342013001 - Granvin herad  
Oversending av klage - avslag på dekking av vesentlege sakskostnader - Granvin herad  
Plandokument - Nesbø - hellegneissone - Granvin  
Nesbø hellegneissone - viser til notatet av 26.01.15  
Kommentar til innsendt framlegg til reguleringsplan for Nesbø hellegneissone med KU  
Dokumentgrunnlag for Masseutak - Nesbø, hellegneissone  
Klage på vedtak avslag sakskostnader jfr Fvl § 36  
Svar på begjæring om å få sakskostnader tilkjent  
Nesbø Hellegneissone - prøvedrift og reguleringsplanarbeid  
Støyrapport  
Revidert ROS-analyse  
Støyrapporrapport og geologisk rapport  
Vedk. innsyn i støyrapport datert 24.04.13  
Vedk. innsyn i støyrapport datert 24.04.13  
Orientering  
Nesbø Hellegneissone - Ber om innsyn i støyrapport datert 24.04.13  
Vedk. innsyn og spørsmål  
Vedk. førespurnad om innsyn  
Vedk. førespurnad om innsyn  
Vedk førespurnad om innsyn  
Ber om innsyn sak 2012000553  
Svar på spørsmål om planprg og framdrift  
Planprogram og framdrift  
Melding om fastsetjing av planprogram - reguleringsplan Nesbø hellegneissone, plan ID 12342013001  
Underskriftslistar mot steinbrotdrift i Såkvitnehagane

Såkvitnehagane  
Såkvitnehagane  
Vedr innspill til planprogram-Granvin  
Vedr Planprogram - Granvin Herad.  
Oversendelse av revidert planprogram for Nesbø hellegneissone på del av gnr 92/1 og 93/1 - uttale  
E-postkorrespondanse: Planprogram-hellegneissone Nesbø, Granvin  
Planprogram for reguleringsplan for Nesbø hellegneissone i Granvin herad. Merknader frå Direktoratet for mineralforvaltning  
Statens vegvesen sine merknadar til varsel om oppstart-Nesbø hellegneissone , Granvin  
Kopi av brev vedk tilsyn - oppfølging av opprydding og sikring av avslutta uttak, gnr. 93/1 og 93/3  
Uttale detaljreguleringsplan Nesbø hellegneissone  
Detaljregulering Nesbø hellegneisson  
Kopi av uttale 13/00563-3 - Varsel om oppstart samt høring av planprogram for detaljregulering av Nesbø hellegneissone i Granvin herad  
Innspel til nytt varsel om oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan for Nesbø Hellegneissone  
E-post korr.: Vedr reg.plan Granvin  
E-post korrespondanse: Vedr RegPlan Granvin  
E-post korrespondanse: Vedr RegPlan Granvin  
Vedr varsel om oppstart - Nesbø hellegneissone, Granvin  
Svar på spørsmål vedk. avslutning av prøvedrift  
Svar på brev vedk. avslutning av prøvedrift  
Såkvitnehagane  
Vedk. avslutning av prøvedrift  
Motteken klage på prøveuttak av murestein ved Såkvitnehagen gbnr 93/1 og 93/3 i Granvin herad  
Merknad til prøveuttak av naturstein ved Såkvitnehagen i Granvin herad  
Hastebehandles for oppdette virkning i stans av ulovlig uttak av murstein og biprodukter 1/2  
VS: Steinuttak Såkvitnehagen  
Stans i arbeid - oppsettende virkning - monstertrase Granvin - ulovleg uttak av murstein.  
Prøvedrift Naturstein Såkvitnehagane  
Mineralstatistikk - Bergverksberetning 2011  
Kopi: Forhåndsvarsel om pålegg om stans av uttak i Såkvitnehagen gbnr 93/1 og 93/3, Granvin herad - Brudd på mineralloven § 43. Tiltakshaver Granvin Maskinstasjon AS  
Varsel om oppstart av reguleringsplan for Nesbø hellegneissone på del av gbnr. 92/1 og 93/1 i Granvik herad  
Innspel til varsel om oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan Nesbø Hellegneissone - Del av GBnr 92/1 og GBnr 93/1 mfl - Granvin  
Uttale - Oppstart - Granvin - Del av Gnr 92 Bnr 1 og Gnr 93 Bnr 1 - Området RÅ 2 - Nesbø Hellegneissone  
Statens vegvesen sine merknader til oppstart av planarbeid for område RÅ 2 - Nesbø Hellegneissone - Granvin herad  
Ang.natursteinuttak av massedeponi  
Ang. møte om steindrift i Såkvitnehagen  
Re. Møte om steindriften i Såkvitnehagen  
SV: ang. infomøte i Granvin  
SV: ang. infomøte i Granvin  
Ang. infomøte i Granvin  
Infomøte om natursteinuttak og massedeponi  
Vedk. oppstartsmelding for RÅ 2  
Varsling om oppstart av planarbeid  
RÅ2 - e-post korrespondanse  
Oppstartmøte RÅ2 - e-post korrespondanse  
Referat frå oppstartsmøte 07.01.13  
Tinging av oppstartmøte for reguleringsplan  
Svar på e-post: RÅ2  
Svar på e-post: RÅ2  
E-post: RÅ2

#### Vedlegg:

<b>Dok.dato</b>	<b>Tittel</b>
06.11.2016	2013001_plankart_A1_020916
17.01.2018	Reguleringsføresegner_Nesbø_hellegneissone_210318
17.01.2018	ROS_rev_030118
16.02.2017	Endeleg vedtak - reguleringsplan for Nesbø hellegneissone
20.02.2017	Klage på heradsstyrevedtak - Nesbø hellegneissone
10.11.2017	Detaljreguleringsplan for Nesbø Hellegneissone
25.09.2017	2a. Kartlegging av flaggermus i Hordaland - NZF-rapport nr. 15
15.01.2018	Forslag om utbedrende tiltak flaggermus Granvin Lev12012018
10.01.2018	Forslag til rensepark i Nesbø Hellegneissone
03.01.2018	GM Forslag til kartleggingstilltak

## **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vert detaljreguleringsplan for Nesbø hellegneissone, plan id 12342013001, jf kart, føresegner, planomtale, ROS-analyse og andre plandokument, lagt ut til offentlig ettersyn i 6 veker i perioden 24.01.18 – 07.03.18

### **23.01.2018 Formannskapet**

Ingebjørg Winjum stilte spørsmål om gildskapen sin, dottera er grunneigar. Ho gjekk frå møtet. Varaordførar Hans Jakob Mæland overtok møteleiinga i denne saka. Ingebjørg Winjum vart funnen ugild etter § 6 1. ledd. Atle Seim var kalla inn og møtte som vara. Annlaug Haugse Såkvitne stilte spørsmål om gildskapen sin, sonen er tilsett som bergverksarbeidar hos Granvin Maskinstasjon. Ho gjekk frå møtet. Annlaug H. Såkvitne vart funnen ugild etter § 6 1. ledd. Martin Hamre var kalla inn og møtte som vara.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **FS- 004/18 Vedtak:**

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vert detaljreguleringsplan for Nesbø hellegneissone, plan id 12342013001, jf kart, føresegner, planomtale, ROS-analyse og andre plandokument, lagt ut til offentlig ettersyn i 6 veker i perioden 24.01.18 – 07.03.18

## **FAKTA:**

### **Bakgrunn**

Saka gjeld framlegg til detaljreguleringsplan for Nesbø hellegneissone, som er ein natursteinsførekomst ovanfor gardane Såkvitne og Nesbø i Øvre Granvin. Granvin Maskinstasjon AS er tiltakshavar for planarbeidet. Aurland Naturverkstad har vore konsulent for planarbeidet. I tillegg har COWI, Sweco, Ecofact, Instanes AS og Johannes Vik Seljebotn bidrege med fagrapportar.

Me vil i dette sakspapiret konsentrere oss om saksgang etter klagehandsaminga 15.02.2017, og berre omtale og vurdere dei nye opplysningane som har kome fram i etterkant av handsaminga. For fullstendig utgreiing av planframlegg, inkludert vurdering av dei tema som ikkje vert omtala her, visar me til sakspapir for vedtak av 04.01.2017. Dette, og sakspapir for klagehandsaminga 15.02.2017, ligg som vedlegg til saka.

## Saksgang sidan førre handsaming

- 04.01.17 Ny handsaming. Planforslag godkjent i heradsstyre.
- 15.02.17 Klagehandsaming i heradsstyre. Klagene vert ikkje stetta og sendt Fylkesmannen i Hordaland for handsaming.
- 12.05.17 Klagesaka vart sendt vidare til kommunal- og moderniseringsdepartementet for oppnemning av settefylkesmann.
- 22.05.17 Oppnemning av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (FMSF) som settefylkesmann.
- 25.09.17 Orientering om, og oversending av nye opplysningar i klagesaka frå FMSF.
- 10.11.17 FMSF gjev klagarane medhald og opphevar Granvin herad sitt vedtak frå 04.01.17. Saka returnerast for vidare handsaming i heradet.

## Handsaming av klagesaka hjå settefylkesmann Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (FMSF)

Fylkesmannen si oppgåve ved handsaming av saka har vore å undersøke om heradet sitt vedtak har eit lovleg innhald, at saka er forsvarleg opplyst, og at sakshandsamingsreglane i plan- og bygningslova, herunder føresegnene om medverknad, er følgde. Sentralt for denne handsaminga har vore spørsmålet om «[...] kor vidt reguleringsplanen for Nesbø hellegneissone var forsvarleg opplyst før vedtak, jf. plan- og bygningslova § 12-12 og kapittel 4, jf. forvaltningslova § 17, eller om det ligg føre feil ved dei faktiske saksopplysningane, alternativt måten planen har blitt til på, som tilseier at vedtaket er ugyldig, jf. prinsippet i forvaltningslova § 41» (s. 6, brev i frå FMSF datert 10.11.17).

Med bakgrunn i nye opplysningar om Granvin sin rolle som viktig flaggermuslokalitet regionalt og nasjonalt, så finn FMSF at konsekvensane for naturmangfald ikkje har vore tilstrekkeleg utgreidd:

*Fylkesmannen konkluderer derfor med at vedtaket er ugyldig og må opphevast, noko som inneber at saka må utgreiast og handsamast vidare av heradet før eventuelt nytt planvedtak. Klagene frå Erga, Midttvedt Kløve og Spildo mfl., og NMF, er såleis tekne til følge.*

### Nye opplysningar i saka, brev frå FMSF 25.09.2017

25. september 2017 blir Granvin herad orientert i brev frå FMSF at det har vore sendt dei skriv med nye opplysningar i saka i etterkant av at heradet handsama klagane på planvedtaket. Skriva kjem i frå klagarane Midttvedt Kløve og Prestegard (23.02.2017), samt Norges Miljøvernforbund (06.03.2017), og inneheld opplysningar om naturmangfaldet i Øvre Granvin, i hovudsak knytt til omfanget av registrerte førekomstar av flaggermus i rapporten «Kartlegging av flaggermus i Hordaland, Kunnskapsstatus 2016». Klagarane hevdar i sitt skriv at dei gamle jernbanetunnelane, som er tenkt nytta til anleggsveg til steinbrotet, må stengjast for motorisert trafikk for å verna om flaggermusa, då det er dokumentert overvintring av flaggermus i tunellane. Dei framhevar og at det er internasjonale forplikningar knytte til flaggermus, jf. «Avtale om bevaring av flaggermus i Europa» (EUROBATS).

## Oppsummering av FMSF si vurdering av momenta i klagesaka:

- Påstandar om ulovleg prøvedrift:
  - Fylkesmannen har ikkje mandat til å vurdere dette.
- Privatrettslege forhold vedkomande avtale med Jernbaneverket:
  - Klagegrunnen kan ikkje føre frem, da dette er eit privatrettsleg forhold mellom heradet og Jernbaneverket.
- Påstandar om feil og manglar i planprosess, gjennomføring av heradsstyremøte og vurdering av habilitetsspørsmålet:
  - Fylkesmannen kan ikkje sjå at det ligg føre sakshandsamingsfeil knytt til medverknadsprosess, eller at det ligg grunn til å kritisere heradet for å ta saka opp att til ny vurdering. Fylkesmannen har ikkje vesentlege merknader til heradets habilitetsvurderingar av dei folkevalde, og meiner påstanden om inhabilitet for Granvin herad som forvaltningsorgan er grunnlause, da reglane for habilitet gjeld for folkevalde, tenestemenn og –kvinner.
- Påstandar om mangelfull utgreiing og vurdering av fare for ras, utglidingar eller påverknad av grunntilhøve i dalbotn ved Spildo:
  - Fylkesmannen meiner at ROS-analysen og det geotekniske tilleggsnotatet, datert 11.12.2016, ikkje fullt ut dekkjar problemstillinga som er reist av klagarane. Fylkesmannen ser heller ikkje vilkåra om tilleggsundersøkingar som heradet har satt, som fullgod løysing på dokumentasjons- og evalueringskrav for det som i skrivet omtalast som «reelle farekjelder». Det vert understrekt at det er Granvin herad, ikkje NVE, som påtar seg ansvar for å handheve og følge opp føresegn om undersøkingsplan.
  - Utover dette ser ikkje Fylkesmannen grunnlag for kritiske merknader til dei geologiske utgreiingane og vurderingane som er gjort.
- Påstandar om mangelfull utgreiing og vurdering av dyrevelferd, helse og støy:
  - Fylkesmannen meiner at omsynet til dyrevelferd og helse knytt til støvspreiding er ivareteke på forsvarleg måte.
  - For støytilhøva konstaterer Fylkesmannen at det er mogeleg å oppfylle krava i sektorlovgjevinga, ved riktig prosjektering og gjennomføring, noko tiltakshavar står ansvarleg for.
- Påstandar om mangelfull utgreiing og vurdering av ureining:
  - Fylkesmannen minner om at det er krava i ureiningsforskrifta §30-6 som gjeld, og meiner at det er vanskelig å vurdere om tiltaka i planen er tilstrekkelege så lenge det ikkje ligg føre dokumentasjon på at reinsetiltaka for overvatn er dimensjonerte for å innfri desse krava.
- Påstandar om mangelfull utgreiing og vurdering av landskapsomsyn:
  - FMSF sluttar seg til konklusjonen til Fylkesmannen i Hordaland, som peikar på at heradsstyret har mynde til å gjere ein avveging mellom omsyn til landskap og lokale næringsinteresser, jf. PBL §§ 1-1, 3-3 og 12-12. Dei kan ikkje sjå at forholdet er uforsvarleg handsama.
- Påstandar om mangelfull utgreiing og vurdering av omsynet til naturmangfald:
  - Fylkesmannen vektlegg dei nye opplysningane, jf. rapporten frå 2016, om Granvin sin rolle som viktig flaggermuslokalitet regionalt og nasjonalt, som har kome i etterkant av heradets vedtak.
  - Fylkesmannen konkluderer med at reguleringsplanen ikkje har vore tilstrekkeleg utgreidd på dette punktet, da det ikkje er teke stilling til kva verknad dei planlagde aktivitetane i steinbrotet kan få for dei registrerte flaggermusartane.
  - Naturmangfald vart ikkje vurdert gjennom ein eigen delrapport til konsekvensutgreiinga. Kjeldane heradet har brukt har ikkje vore oppdatert med

tanke på registrerte flaggermusartar.

- Fylkesmannen skriv at den manglande utgreiinga av konsekvensane for flaggermus, i lys av at området er kjent og dokumentert som ein viktig lokalitet for desse, er ein klar sakshandsamingsfeil, jf. PBL § 4-2 første og annet ledd, jf. naturmangfaldslova §§ 8.
- Fylkesmannen kan heller ikkje utelukke at denne feilen kunne ha fått «[...] verknad for resultatet, jf. forvaltningslova § 41, dersom forholdet hadde vore avdekt og kartlagt tidlegare.»
- Ut over den registrerte overvintringa av flaggermus i dei gamle jernbanetunnelane som skal nyttast som tilkomst til steinbrotet, er det særleg betydinga av Joberget naturreservat og Granvinsvatnet som viktige leve- og næringsområde for flaggermus, som det leggjast vekt på.
- På bakgrunn av dette, konkluderer fylkesmannen med at Granvin herad sitt vedtak er ugyldig og må opphevast.

## **VURDERING:**

### **Utfyllande opplysningar til planen**

Med bakgrunn i FMSF sine vurderingar har Granvin herad bedt om utfyllande opplysningar for å kunne ta saka opp til ny handsaming. Opplysningane gjeld planens påverknad på rødalista flaggermus, dei beskrivne reinsetiltakas effekt, og ein betre avklaring av risiko knytt til påverknad frå rystelser ved dei næraste bustadeigedomane, inklusive krav om avbøtande tiltak. Under er det gitt ei oversikt over – og vurdering av – tilleggsopplysningar/-rapportar og endringar i plandokument, som grunnlag for ei ny handsaming av reguleringsplanen.

### **Det planlagde tiltakets verknad på flaggermus**

Granvin herad har vore kjend med førekomstar av flaggermus, dokumentert i mellom anna viltkartlegginga frå 2005 (O. Overvoll og T. Wiers) i regi av Granvin herad og Fylkesmannen i Hordaland. Her står det at det er påvist fire artar av flaggermus i Granvin. To av desse i kategorien DM (bør overvakast) på raudalista, men er omtala som truleg relativt vanlege artar. I dei nye opplysningane i frå fylkeskartlegginga av flaggermus (2016) kjem det fram at særleg Øvre Granvin, med sin særeigne flora og fauna knytt til Granvinsvassdrag og Granvinsvatnet, er ein lokalitet av regional og nasjonal betyding, og me er einige med FMSF om at det derfor trengs ein fagleg vurdering av konsekvensane planen kan ha for dei registrerte bestandane. Heradet har, i samråd med tiltakshavar, bestilt ein fagrapport som skal kunna opplyse saka betre.

### Ny rapport om flaggermus i heradet

Michaelsen Biometrika AS, som har vore medforfattar i fylkeskartlegginga av flaggermus, har utarbeida rapporten «Forslag om utbedrende tiltak til fordel for flaggermus i forbindelse med anleggstrafikk i tunneler ved Skjervet, Granvin kommune», datert november 2016. Rapporten oppsummerar kunnskapsgrunnlaget vedkomande flaggermus i Granvin, og vurderer verknaden på arten av dei konkrete tiltaka som ligg til grunn for reguleringsplanen, inklusive konsekvensar for habitat og næringsområde.



Konklusjonen er at verken anleggstrafikk, endringar i vegetasjon/ landskap i uttaksområdet for stein eller sprengingsarbeid vil ha vesentleg negative effektar. Det gjeng og fram at den totale reduksjonen i tilgjengeleg areal til fødesøk vil være beskjeden, og truleg lite viktig for rødelistartene. Avstanden til dei viktige lokalitetane Joberget naturreservat og øvre del av Granvinsvatnet er betydeleg, og sjølve planområdet er grunna nordaustleg eksponering og tidlegare hogstaktivitet eit lite verdifult areal for flaggermus. Den einaste konkrete trusselen mot rødlista arter henger saman med den påviste overvintringslokaliteten i tunnelane ved Skjervet, men er ein problemstilling som lar seg løyse ved avbøtande tiltak.

### Avbøtande tiltak i jernbanetunnelane ved Skjervet

Forfattern av rapporten understreker at kunnskap om overvintring av flaggermus i heradet er svært mangelfull, og at funna i tunnelene ved Skjervet dreier seg om tre individ, der to er påvist å vere vanlege arter i Granvin. Det siste individet er berre påvist å vera ein *Myotis*-art, og sjølv om fleire slike er vanlege i heradet, kan ein ikkje sjå bort frå at det dreier seg om den svært sjeldne børsteflaggermusa – sjølv om dette er lite sannsynleg. Ein vet heller ikkje om det og kan førekome sverming av flaggermus i tunnelane. Desse uavklarte momenta må ein ta stilling til i ein plansak som denne, jf. naturmangfaldslova §§ 8 og 9. Ein kan velje å enten kartlegge flaggermusenes bruk av tunnelen, for å kunne fastslå med sikkerhet om avbøtande tiltak er naudsynte, eller ein kan vere «føre var» og gjennomføre tiltak som avbøter for moglege forstyrringar av flaggermushabitat. Med tanke på framdrifta for prosjektet så er det siste mest aktuelt.

Gjennomtrekk gjer at tunnelane er mindre eigna som overvintringsstad, og i rapporten anbefalas det å stengja forbindelsen mellom hovudtunnelen og sidetunnel/ luftesjakt, for at desse kan fungere som flaggermushabitat. Tiltaket vil måtte finansierast av tiltakshavar, og vil i følgje rapporten vere eit verdifult tilskot til flaggermusenes leveområde i Øvre Granvin, samtstundes som det avbøter for moglege negative konsekvensar steinbrotet skulle ha for desse artane. Nærare omtale av det avbøtande tiltaket er å finne i rapporten, s. 8-12.

### **Effekt av reinsepark**

Det føreligg ein plan for to reinseparkar som skal handtera overvann frå driftsområdet, utarbeidd av Ecofact. I denne har ein referert til gode erfaringar frå liknande prosjekt, men det ikkje omtala ei eksplisitt vurdering av om reinseffekten er venta å tilfredsstille krava i ureiningsforskrifta § 30-6. Sidan resipienten er eit verna vassdrag er det særskilt viktig å få klarhet i om reinseparkane er tilstrekkeleg dimensjonerte for å unngå tilslamming eller endring i vasskvalitet nedstrøms for planområdet. Heradet har bedt Ecofact om utfyllande opplysningar, og ei oppdatering av dokumentet «Forslag til reinsepark i Nesbø hellegneissone», rev. dato 8. januar 2018. I det reviderte kapitlet om reinseffektivitet og vedlikehald gjeng det fram at løysinga skal tilfredsstille krava i ureiningslova, så lenge ein har gode rutinar på vedlikehald:

#### ***Renseeffektivitet og vedlikehald***

*Det naturlige bekkevannet ledes rundt selve uttaksområdet for å unngå fortynning av overvannet med rent bekkevann. Dette reduserer overvannets hastighet gjennom reinseparken, og bidrar derfor til økt sedimentering og bedre renseeffekt. Rensedammer som er dimensjonert til 0,1- 0,4 % av nedbørfeltet har forventet prosentvis renseeffekt på 45 - 75 % for jordpartikler, 21 - 44 % for fosfor og 3 - 15 % for nitrogen*

(Grønsten et. al, 2008). Renseeffekten øker med fangdammens størrelse (Grønsten et. al, 2008). I dette tilfellet er renseløsningen dimensjonert til 2% av det aktive dreneringsområdet, og den forventede renseseffekten er derfor høyere enn dette.

For at renseseffekten skal forbli god over tid kreves vedlikehold. Det må innarbeides rutiner for tømning av sedimentasjonsbasseng (ved 2/3 fyllingsgrad), og avskjæringsgrøfter må tømmes dersom disse fylles opp av partikulært materiale. Renseeffekten kan også justeres etter hvert som en får erfaring, da med mulig utvidelse av singelfilter.

Så lenge avskjæringsgrøfter og rensedam vedlikeholdes som beskrevet skal løsningene tilfredsstillende kravene i forurensningsloven § 30-6 Utslipp til vann. Maksimalkonsentrasjonen av suspendert stoff (SS) i utslippspunktene skal ikke overskride 50 mg/l, og utslippet skal ikke medføre tilslamming av resipienten eller endre vannkvaliteten på bekkevannet.

## **Fare for ras, utglidinger eller påverknad av grunntilhøva i dalbotn ved Spildo**


Med bakgrunn i FMSF sine merknader vedkomande manglande vurderingar av problemstillinga i risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS), og uklarheit knytt til krava og tilleggsundersøkingar i føresegna, så har heradet bedt tiltakshaver om ei oppdatert ROS-analyse. Arbeidet med utgreiing og vurdering av problemstillinga er gjort av geolog Johannes Vik Seljebotn, som er godt kjend med avsetningsmønster og dei geologiske tilhøva i Øvre Granvin. Seljebotn har tidlegare vore engasjert til å utforma undersøkingsplan som skal liggja til grunn for vibrasjonsmålingane som er omtala i føresegna. Planen «Forslag til kartleggingstiltak knyttet til vibrasjonsstyrke i grunnen som følge av sprengingsarbeid ved Nesbø hellegneissone», datert 20.03.2017, er utforma i dialog med NVE og Granvin herad, og inneheld ei tydeleg oversikt over det teoretiske grunnlaget for berekningane som ligg til grunn for vurdering av omfang av tiltak og ytterligere undersøkingar.

I den reviderte ROS-analysen er det lagt inn et nytt kapittel «Fare for ras, utgliding eller endring i grunnforhold ved omliggjande eigedomar». Her er det gjort ei fire sider lang utgreiing og vurdering av problemstillinga. Konklusjonen er at konsekvensen av ei uønskt hending er alvorleg (K4), men lite sannsynleg (S2), og risiko (gul) skil seg dermed ikkje frå andre faremoment identifisert i ROS-analysen, og kan aksepteras om ein nyttar seg av avbøtande tiltak som minskar risiko. Foreslått tiltak er å dokumentere vibrasjonsstyrke ved drift i steinbrotet og utføre geoteknisk vurdering av grunntilhøva.

### Teoretiske berekningar av vibrasjonsstyrke

Det er gjort teoretiske berekningar av vibrasjonsstyrke (v) ved ulike ladingmassar (Q) og i ulike avstandsintervall (D) frå sprengingspunktet, presentert i tabell 2.1. i planen for kartleggingstiltak (20.03.2017). Resultata syner at ein ved 100 meters avstand frå sprengingspunkt må nytta seg av 3x normal sprengstoffmengde for å overskride gjeldande grenseverdier for svingingshastighet for vanlige bustadhus fundamentert på blaut grunn (NS 8141:2001). Ein har dermed tatt høgde for usikkerheit knytt til om det er marin leire i grunnen, og unormalt store salvestørrelsar. Dei næraste bustadhusa ligg 350-400 meter frå sprengingspunktet, og tabellen synar at svingingshastigheta avtar raskt ved økt avstandsintervall.

Den berekna vibrasjonsstyrken ( $v$ ) er og plotta inn i et diagram (figur 8, ROS-analysen) saman med nedre grense for svingingshastigheit for vanlege bustad fundamentert på blaut grunn (NS 8141:2001), grenseverdi ved sprenging nær kvikkleire anbefalt av NGI og grenseverdi ved sprenging nær kvikkleire anbefalt av Statens vegvesen. Resultata viser at vibrasjonsstyrken ved nærliggjande eigendomar vil vere langt under alle gjeldande grenseverdier (sjå figur under).



Figur 8, s. 12, henta frå den reviderte ROS-analysen: Svingingshastigheit ( $v$ ) for ulike avstandar frå sprengingspunkt ( $D$ ) og ulike ladningsmassar ( $Q$ ) plotta saman med øvre og nedre grense for svingingshastigheit for vanlege bustad fundamentert på blaut grunn (NS 8141:2001), grenseverdi ved sprenging nær kvikkleire anbefalt av NGI og grenseverdi ved sprenging nær kvikkleire anbefalt av Statens vegvesen

## Usikkerheitsmoment

Bakgrunnskunnskap om grunntilhøve i det aktuelle området ved Spildo er henta frå tilgjengelige kartressursar og kjennskap til sedimentære avsetningsmønster i Øvre Granvin. Seljebotn har god lokal kjennskap til avsetningstyper og avsetningsmønster, som er opparbeidd frå feltobservasjonar gjort under bygging av Tunsberg tunellen og Joberg tunellen. Det er frå tidligare kjent at det forekjem marin leire langs Granvinsvatnet, men kvikkleirer er ikkje påvist eller indikert på lausmassekart frå det aktuelle arealet i dalbotn ved Spildo, sjølv om det er mogeleg at det finnes da det ligger under øvre marin grense. Om kvikkleire skriv Seljebotn i planen for kartleggingstiltak (20.03.2017) :

*Det største faremomentet knytt til marin leire er utvasking av saltpartikler kombinert med vibrasjon. Når saltpartiklane blir vasket ut mister leira bereevne og går over i flytande form. Denne prosessen dannar kvikkleirer som er ein blaut lågviskøs masse som kan forårsake alvorlege skredhendingar. Kvikkleirer i urørt tilstand er stabil og like fast som annan leirfraksjon og tolerer godt vibrasjonsbelastning.*

Vidare skriv han:

*Dersom det er marin leire i det aktuelle området ved Nesbø hellegneissone (Figur 6) og vibrasjonsstyrke frå sprenging eller anna aktivitet overskrid gjeldande grenseverdier i Norsk standard (NS 8141:2001), kan det være naudsynt å kartlegge utstrekning av potensielle leireavsetningar.*

Eit anna usikkerheitsmoment i dei teoretiske berekningane er fjellfaktoren ( $k$ ), noko som er avgjerande for berekning av vibrasjonsstyrken. Foreløpig er fjellkonstanten anslått til  $k = 200$  basert på eksisterande kunnskap. Resultata frå dei planlagde vibrasjonsmålingane vil bidra til å få tilstrekkeleg innsikt i dei reelle forhold når det gjeld både grunntilhøve og fjellfaktor, og gi grunnlag for nøyaktige berekningar.

### **Endringar i reguleringsføresegna**

Med bakgrunn i dei nye opplysningane i saka som har vore omtala over, så har me valt å gjere følgjande endringar i reguleringsføresegna:

#### Nytt rekkefølgekrav om avbøtande tiltak for å verna om flaggermus:

##### 2.2.4 *Habitat for flaggermus*

*Før ordinær drift igangsetjast skal delar av tunnelsystemet på den gamle jernbanetraséen ved Skjervet stengjast for å gje betre forhold for flaggermus. Det skal utførast avbøtande tiltak i tunnelar for å sikra flaggermushabitat, jf. artikkel III pkt. 2 i Avtale om bevaring av flaggermus i Europa :*

- Tiltakshaver skal mura igjen deler av tunnelsystemet på den gamle jernbanetraséen ved Skjervet før ordinær drift igangsetjast. Dette skal skje i dialog med heradet og etter anvisningane i rapport frå Michaelsen Biometrika AS, datert november 2017.*
- Avstengd sidetunell og luftesjakt skal avsetjast til flaggermushabitat.*

#### Presisering av krav til dokumentasjon av vibrasjonsstyrke og geotekniske vurderingar:

##### 3.1.1 bokstav E. Omfang og oppfølging av drift, jf PBL § 12-7 nr 2 og 3

*Det skal takast omsyn til eventuell verknad på nærliggjande eigendomar frå drifta. Med utgangspunkt i undersøkingsplan, datert 20.03.2017, skal følgjande tiltak etablerast for å dokumentere faktiske forhold:*

- Det skal utførast vibrasjonsmålingar for å dokumenterer vibrasjonsstyrke og fastsetje den reelle fjellfaktoren ( $k$ ) ved nærliggjande eigendomar under oppstartsfasen av regulær drift ved Nesbø hellegneissone.*
- Dersom vibrasjonsstyrken overskrid gjeldande grenseverdier i Norsk standard (NS 8141:2001) for dei aktuelle grunnforholda og den aktuelle arealbruken, skal ein i tillegg utføre geoteknisk vurdering av grunnforholda, der det vert dokumentert potensiale for uforsvarleg påverknad frå drift ved Nesbø hellegneissone ved kringliggjande eigendomar.*

*Ved manglande oppfylging av føresegner/vedtak i reguleringsplan vil det føra til krav om stans i arbeidet.*

Dette erstattar det tidlegare avsnittet «Det vert gjennomført geotekniske vurderingar og rystelsesmålingar i området. Undersøkingssplan skal leggjast fram for NVE før gjennomføring.»

### **Samla vurdering og anbefaling**

Når det gjeld moglege konsekvensar for rødlista flaggermusarter i heradet så er det stilt krav i føresegna om å gjera avbøtande tiltak, slik dei er omtalt i rapporten om flaggermus i Granvin (Michaelsen Biometrika AS, nov. 2016). Utover dette gjeng det av rapporten ikkje fram vesentlege eller trulege konsekvensar for flaggermus ved gjennomføring av planen, og planen kan dermed seiast å vere i tråd med norsk lovgiving og internasjonale forpliktingar knytt til flaggermus. Michaelsen skriver og:

*Jeg vil også påpeke at dersom man gjennomfører denne typen avbøtende tiltak ved Skjervet, så vil det være blant de mest omfattende tiltakene gjennomført for å ta hensyn til dyregruppen i vårt land.*

Når det gjeld ureining har me fått opplyst at dei planlagde reinsetiltaka skal oppfylle krava i ureiningslova. Overvaking og prøvetaking skal sikre at reinsetiltaka er innanfor krava i ureiningslova, og at vedlikehaldsrutinar følgjast, jf. planføresegn §§ 2.2.3 og 3.1.1 bokstav C.

Når det gjeld usikkerheit knytt til vibrasjonsstyrke og grunntilhøva på Spildo, så viser berekningar basert på eksisterande kunnskap at vibrasjonsstyrken ved nærliggjande eigendomar vil vere langt under gjeldande grenseverdier, sjølv om ein tar høgde for kvikkleire i grunnen og bruk av store sprengladinger. I ROS-analysen vert det konkludert med at risikobildet ikkje skil seg vesentleg frå andre faremoment identifisert i ROS-analysen, og kan akseptast om ein nyttar seg av avbøtande tiltak som minskar risiko. Ein vurderer uønskte hendingar knytt til problemstillinga som lite sannsynleg. Dette kjem av at det må vere samanfall mellom følgjande forhold:

1. Det må finnes marin leire i grunnen
2. Det må ha skjedd ei utvasking av saltpartikler
3. Det må sprengast med så stor ladning at vibrasjonsstyrke ved dei nærliggjande bustadene overskrider gjeldande grenseverdier, noko som er lite sannsynleg da det er ugunstig å bruke store sprengstoffmengder i samband med uttak av murstein – i motsetning til sprenging i samband med tunnelarbeid.

I føresegnas § 3.1.1 bokstav E «Omfang og oppfølging av drift» er det sett krav om at vibrasjonsmålingar skal gjerast under oppstartsfasen av regulær drift, for å sikre seg at ein er godt under grenseverdiane, og for å fastslå fjellfaktoren (k), som er eit usikkert moment i dei teoretiske berekningane. Det er og sett krav om at det må gjerast meir omfattande geotekniske vurderingar om nokon av målingane skulle vise seg å vere over gjeldande grenseverdier. Problemstillinga om ras, utglidingar og grunntilhøve på Spildo har nå vore vurdert av fleire fagpersonar og gjennom fleire rapportar, som alle konkluderer med at det er lite truleg at rystelser i frå steinbrotet kan medføre skade på nærliggjande eigendomar. Med bakgrunn i det totale kunnskapsgrunnlaget som er samla inn vurderer me at dei krava som nå er sett i føresegna er tilstrekkelege for å førebygge uønskte hendingar.

Administrasjonen tilrår å leggja ut planframlegget til offentleg ettersyn og sende det på høyring, med dei endringar i plandokumenta og tilleggsopplysningar som kjem fram av dette sakspapiret, jf. plan- og bygningslova § 12-10.